

Fakta: Kredittkjøpsloven

Kva er kredittkjøp?

Når du kjøper ei vare eller ei teneste, kan du ordne betalinga på fleire måtar. Du kan betale kontant, eller du kan gjere ein avtale om kredittkjøp. Kredittkjøp vil seie ein avtale om utsetjing med betaling av kjøpesummen eller ein del av summen.

Fordelen med eit kredittkjøp er at du får utlevert vara eller utført tenesta før du har betalt. Ulempa med kredittkjøp er at vara blir dyrare enn ved kontantkjøp. I tillegg til å betale kjøpesummen, kontantprisen, må du også betale renter og gebyr. Kostnadene totalt kan da bli ganske store.

Det blir også rekna som kredittkjøp når du betaler med kredittkort, eller når du betaler straks ved hjelp av eit lån som seljaren har hjelpt deg til å få. Har du sjøl skaffa lån for å betale vara, er det ikkje eit kredittkjøp.

Rettane dine ved kredittkjøp

Kredittkjøpsloven gir deg rett til å:

- få vite alt om kva kreditten kostar samla, med renter, tillegg osv.
- nekte å betale dersom det er feil på vara, eller om du er misnøgd med tenesta, sjøl om ein tredjemann, f.eks. ein kredittinstitusjon, har overteke kravet
- få kredittkostnadene redusert i forhold til den opphavslege avtalen dersom du betaler før tida.

Kredittkjøpsloven er ufråvikeleg

Når du som forbrukar kjøper på kreditt, leiger eller kjøper ein ting som seljaren krev pant i (salspant), set loven forbod mot at du og seljaren på førehand gjer avtale om vilkår som stiller deg dårlegare enn det som følgjer av loven.

Du har rett til å få opplysningar

Når kreditten varer lenger enn 30 dagar, har du krav på å få alle opplysningar om kor mykje dette kostar. Seljaren, tenesteytaren eller den som gir deg kreditten, pliktar å opplyse om det. Kredittid er perioden frå avtaletidspunktet og til når du seinast må ha tilbakebetalt kreditten. Når du får tenester levert, vil kredittida gå frå og med når tenesta er utført.

Du skal få vite:

- kva vara eller tenesta kostar kontant (kontantprisen)
- kor mykje vara eller tenesta kjem til å koste i alt ved kredittkjøp (kontantpris pluss kredittkostnader)
- kor store kredittkostnadene vil bli (summen av alle renter og gebyr)
- kva den effektive renta er (kredittkostnadene omrekna til årleg rente).

Du skal ha opplysningane skriftleg før du gjer avtale om kredittkjøp. Undersøk hos ulike firma før du bestemmer deg. Da får du grunnlag for å samanlikne, og kan velje det som er best for deg.

Minste kontantinnsats

Du må betale minst 35 prosent av kjøpesummen kontant ved visse kredittkjøp. Dersom du har ein innbyttegjenstand, f.eks. ein bruktbil i eit bilkjøp, kan du bruke den til å dekkje kontantbeløpet.

Det er berre når kredittida er meir enn 30 dagar og kontantprisen på vara er høgare enn 10 prosent av grunnbeløpet i folketrygda (G) at kjøparen må betale kontantsummen. Grunnbeløpet (G) blir regulert kvart år, og er for tida kr 54 170,-. Det vil seie at du slepp å betale kontantbeløpet viss vara eller tenesta kostar mindre enn kr 5 417.

Kjøp av tenester, kjøp av bøker og byggjesett til ferdighus er fritekne for reglane om minste kontantinnsats.

Manglar og forseinkingar

Dersom det du kjøper blir levert for seint, eller det viser seg at det har ein feil, kan du gå til seljaren og krevje prisavslag, eller få kjøpet omgjort eller omlevert etter reglane i forbrukarkjøpsloven, handverkartenenesteloven eller vanleg kontraktsrett.

Dersom kredittytaren er ein annan enn seljaren, kan du velje å rette krava dine til han. Kravet til kredittytaren kan du komme med samtidig eller rett etter at du har klagt til seljaren. Du kan vanskeleg krevje at den som har gitt deg kreditt, når det ikkje er seljaren, skal reparere vara eller levere ny vare. Men du kan krevje prisavslag, nekte å betale det du skyldar, eller krevje å få pengane tilbake. Da må du først ha klagt til seljaren og deretter innan rimeleg tid til kredittytaren.

Betaling før tida

Sjøl om det er avtalt at du skal betale tilbake gjeld over fleire månader, ja, kanskje over fleire år, har du rett til å betale gjelda før dersom det høver for deg. Da blir kostnadene ved kreditten mindre.

Forseinka betaling

Om du f.eks. betaler eitt eller fleire avdrag for seint, får du først eit purrebrev frå den som har gitt deg kreditten. Går du ut over betalingsfristen som er sett i purrebrevet, kan kredittytaren seie opp heile kredittavtalen, og krevje at du betaler heile gjelda.

Salspant

Seljaren, eller den som har gitt deg kreditt, kan krevje panterrett i det du har kjøpt, salspant. Er ein ting seld med salspant, og kjøparen ikkje oppfyller sine plikter, kan den som har gitt kreditten krevje at tingen blir levert tilbake.

Kjøp med kredittkort

Viss du betaler ei vare eller teneste med kredittkort, er det også eit kredittkjøp. Før du kan bruke kredittkort, må du gjere ein kontokredittavtale med den som gir deg kreditten. Ein slik avtale går ut på at du får ein bestemt sum - f.eks. 10.000 kroner - til kjøp, utan at det på førehand er bestemt når eller kva du skal kjøpe. Beløpet kan du disponere til eitt eller fleire kjøp, men du må ikkje gå over beløpet som er avtalt. Gjer du det, er det brot på avtalen du har med den som har gitt deg kreditten, og han vil da ha rett til å krevje f.eks. ekstra rente, oppseiing av avtalen, eller gjere andre tiltak for å sikre seg. Kostnadene ved bruk av kredittkort er avhengig av tilbakebetalingstida, rentesatsen, og kor ofte avdraga skal betalast.

Den som har gitt deg kreditten har opplysningsplikt. Før du som forbrukar gjere avtale om kontokreditt, har du krav på å få skriftlege opplysningar om alle renter, gebyr og andre kredittkostnader, og kor store dei totale kredittkostnadene vil bli ved ulike betalingsalternativ. Seljaren må også rekne om desse tala til ei årleg rente.

Kredittkortet er eit betalingsmiddel, og det må du ta godt vare på. Skulle du miste kortet, kan det bli misbrukt av andre. Da må du melde frå til banken eller kortselskapet så snart som mogleg, slik at dei kan sperre kontoen din.

Forbrukarleige

Ofte kan du velje om du vil kjøpe eller leige ei vare, f.eks. piano. tv-apparat eller videospelar.

Kredittkjøpsloven gir deg da rett til å få vite:

- kor lenge leigeforholdet skal vare
- at du etter tre månaders leige kan seie opp avtalen med ein månads varsel
- storleiken på terminbeløpa, og når dei skal betalast
- summen av alle terminbeløp i heile avtaleperioden pluss eventuelle tillegg.

Leigeavtalen kan også vere slik at du blir eigar av gjenstanden når leigetida er ute. Da blir leigeavtalen rekna som eit kredittkjøp, og hovudreglane i loven gjeld.

Klager

Bli du ikkje einig med seljar og/eller kredittytar - sjå avsnitt «Manglar og forseinkingar» ovanfor - kan du be Forbrukarrådet om hjelp. Har seljaren eller kredittytaren med vilje gitt deg dårlegare vilkår enn det loven krev, kan dei klagast inn til Konkurransetilsynet som har tilsyn med loven. Gjeld det ei vare eller ei handverkarteneste, kan Forbrukartvistutvalet behandle saka. Viss klaga gjeld sjølve kredittforholdet, kan ho normalt behandlast av Bankklagenemnda.